



Høyanger kommune

Politisk sekretariat

Det kongelige Olje- og Energidepartement
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Saksnr. 05/00065	Arkivkode &13	Løpenr. 1147/05	Saksbeh. RIF	Dato 14.02.2005
---------------------	------------------	--------------------	-----------------	--------------------

NOU 2004: 26 HEIMFALL - HØYRING

Høyanger kommunestyre handsama NOU 2004:26 – Heimfall i møte 08.02.05, og vedtok samrøystes å gje følgjande høyringsuttale:

At utvalet i ei så viktig sak er delt i dei fleste spørsmål – i eit fleirtal og mindretal - er urovekkande. At fleirtalet i tillegg også er delt der departementa utgjør ei eiga gruppe, kan tyde på at det er mange syn på kva konsekvensar forslaga fører til, og at det er mange særinteresser i saka.

Heimfallsretten blei etablert for omlag 100 år siden, og er hovudgrunnen til at vasskraftsektoren i dag er eigd av staten, kommunane og fylkeskommunane med 90 prosent, og den resterende 10 prosent av private (industrien).

Vasskrafta er ein fornybar, evigvarende og forureiningsfri ressurs, og betre enn alle andre kjente energikjelder. Investeringsane er nesten evigvarande, og vil over tid gje ei betydelig grunnrente.

Aukande miljøfokus på verda sitt energiforbruk vil auke vasskrafta sin verdi i framtida.

Vasskrafta er vår viktigaste infrastruktur, og inga anna næring har bidrege på samme måte til industriutvikling, distriktsutbygging og utviklinga av det norske velferdssamfunnet.

Ingen anna nasjon er som Noreg fullt ut avhengig av vasskraftproduksjonen i el-forbruket sitt.

Berre eit framtidig tungt offentleg eigarskap kan sikre desse verdiane for etterkommarane våre. Heimfallsretten må oppretthaldast som eit verktøy til forsvar for den offentlege eigarskapen.

Dersom heimfallsreglane må endrast på grunn av EØS-avtalen, er det av stor nasjonal betydning at desse endringane ikke fører til eit storstilla sal av norske vasskraftressursar.

Postadresse: Postboks 159 6991 HØYANGER	Besøksadresse: Rådhuset 6993 HØYANGER	Telefon: 57 71 15 50	Telefaks: 57 71 15 51	Bankkonto: 8471 07 01066 Org.nr 944439838
--	--	--------------------------------	---------------------------------	--


Det må krevast grundige konsekvensutgreiingar av dei regelendingar som vert føreslegne, før dei blir sett ut i livet. Det må vidare vere eit krav at den norske stat gjer ESA kjent med dei særnorske behov som er knytta til vasskrafta og eigarskapen.

Dei fleste europeiske land har eit tungt offentlig eigarskap i kraftforsyning si, og har sterke politiske målsetjingar om å halde fram med det. For Noreg med si vasskraft, sine naturressursar, si lokalisering og sin industri er omsynet til eit offentleg eigarskap viktigare enn i noko anna land.

Fleirtalet si innstilling frå Heimfallsutvalet fører til eit sterkt salspress på dagens offentlege eigarar og må avvisast.

Nye heimfallsreglar må ha som overordna mål å sikre det offentlege eigarskapet.

Med helsing



Kjartan Longva
ordførar